


Oppsamling i gjødselkjellaren?

11.06.2012



Dette er Festidalen slik festivalområdet er disponert

Det er no søkt om utsleppsløve under Festidalen og leiinga prioriterar alternativet som går ut på oppsamling i

gjødselkjellaren på Dønhaug. Etter blanding med møk frå gardsdrifta og ei viss omdanningstid skal det verte nytta som gjødsele på bakkane på garden.

Alternativa elles er oppsamling i tett tank eller tilkopling direkte til kommunal avløpsleidning. Tankalternativet går ut på transport til kommunalt nett til dømes på Børnes. Tilkopling direkte vert kostbart.

Det er venta eit publikum på inntil 2 000 kvar av dei to dagane.

Planen for det sanitære opplegget går ut på 2 containarar med 5-6 vassklosett kvar for å ta unna hovudtyngda. Kontainarane vert kopla til vassforsyninga og avløpsvatnet går ut via røyleidning.

Urinal for menn vert montert i fjøset med avløp til tett gjødselekjellar og 6 festivaltoalett med tett tank vert plassert elles på området.

Avløp frå vaskekummar på serveringsområdet vert anten kopla til same avløpsanlegg som kontainertoalett eller eksisterande avløpsnett.

Av Ola Matti Mathisen